



Høyring – Forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Vågå kommune for 2027

Vågå kommune sender framlegg til *Forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Vågå kommune for 2027* på høyring.

Bakgrunnen er endringar i [barnehageloven](#) §§ 19 og 19a og [ny nasjonal forskrift om finansiering av private barnehager](#). Etter det nye regelverket skal kommunane fastsetje satsar for grunntilskot til private barnehagar i lokal forskrift. Satsane skal leggst til grunn ved berekning av kommunale tilskot til private barnehagar frå og med tilskotsåret 2027.

Den nye ordninga inneber i hovudsak at:

- Kommunane skal fastsetje tilskotssatsane i lokal forskrift etter ein ordinær høyringsprosess.
- Grunntilskotet skal framleis reknast ut med utgangspunkt i gjennomsnittlege driftsutgifter i kommunale barnehagar.
- Kommunen kan halde enkelte kostnader utanfor berekningsgrunnlaget dersom dei skuldast særlege driftsføresetningar eller særskilte behov i enkelte kommunale barnehagar. I slike tilfelle skal private barnehagar med tilsvarende behov kunne motta ekstra grunntilskot.
- Regelverket skal bidra til større opeheit og føreseilegheit om korleis tilskotssatsane fastsetjast.

Meir informasjon om dei nye reglane om driftstilskot private barnehagar finn du her: [Nye regler om driftstilskudd til private barnehager | udir.no](#)

Kommunestyret skal vedta forskrifta etter at høyringsperioda er avslutta. Høyringsuttalene vil inngå i grunnlaget for den politiske behandlinga av saka.

Høyringsfrist: 1.10.2026

Høyringsdokument

Forslag til forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Vågå kommune for 2027

Høyringsuttale sendast til postmottak@vaga.kommune.no innan høyringsfristen.

Merk uttala: «**Høyring - forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar**». Alle innkomne høyringsuttaler er offentlege og vil bli behandla som del av kommunen sitt saksgrunnlag.